# Kva gjer eg ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn?

- for deg som jobbar med barn, er offentleg tilsett, venn, frivilleg osv

Gloppen kommune

## Sjå

### Fysiske plager:

- Utalte smerter i mageregion eller hovud
- Uttalt sårheit og smerte i underlivet, treng ikkje vere ytre teikn
- Ufrivillig vannlating og avføring etter at barnet er blitt reinsleg, eller at barnet regredierer og snakkar babyspråk
- Bløding, utflod og gjentekne urinvegsinfeksjonar
- Sårheit og raudheit i skrittet, rifter rundt endetarmsopning, problem med å gå
- Blåmerke etter fingrar på overarmar, hofter og lår

### Psykiske plager:

- Søvnproblem og mareritt, barnet verkar panisk og utrøsteleg
- Barnet verkar fjernt og har i periodar stirrande blikk
- Barnet vert inneslutta, stille, engsteleg, apatisk og mimikk-fattig. Særleg førskulebarn syner i større grad indre symptom enn ytre
- Angst for å bli tatt på, angst for bestemte situasjonar, angst for einskilde vaksne som kan gi assosiasjonar til overgripar
- Generell spisevegring eller i høve mat som kan minne om sæd eller kjønnsorgan
- Emosjonelle og åtferdsmessige forstyrringar som samspillvanskar, problem med å delta og å bli godtatt i leik
- Avvikande eller endra åtferd

### Ytringar:

- Direkte utsegn som gir indikasjon på at barnet er utsett for seksuelle overgrep
- Seksualisert språk. Barnet kan ord og uttrykk som det ikkje er vanleg å kjenne til for alderen
- Teiknar eller fortel om seksuell aktivitet som utifrå barnet sin alder eller modning ikkje er naturleg at barnet skal kjenne til
- Barnet seier det er noko dei ikkje kan eller tør snakke om, ein hemmelegheit

### Seksualisert åtferd:

- Viser seksuell åtferd som ikkje er vanlig for alder

### Spesielt for barn 0-6 år:

- Angst under stell og bleieskift
- Generelt engstelege, klamrande, sutrete og/eller sinte
- Skriketokter eller panikkanfall
- Forstyrra søvnmønster
- Emosjonelle og åtferdsmessige forstyrringar, t.d. samspelsvanskar
- Avvikande eller endra åtferd
- Generelle teikn på misstrivsel

### Vurder teikn hos mogleg overgripar

Ver merksam på at faktorar som samlivsbrot, arbeidsløyse, sjukdom, trygd og rusmisbruk i familien kan bety auka risiko for alvorleg vald

## Spør

Skap ein trygg situasjon slik at du kan spørje barnet om kva som har skjedd

- Bruk gjerne barnet sine eigne ord
- Ver nysgjerrig og utforskande på det barnet seier samstundes som du tek vare på barnet
- La barnet snakke seg ferdig, du treng ikkje stoppe samtalen og gå inn i detaljar
- Vis at du bryr deg og har tid til å lytte
- Lytt til anklaginga eller det barnet vil fortelje. Ikkje oversjå , undervurder eller prøve å vekkforklare det som er blitt fortalt
- Still eventuelle oppklarande spørsmål. Ikkje still leiande spørsmål
- Legg til rette for samtale med barnet ved å bekrefte det barnet seier og bruke ordet "fortel"
- Ikkje vis dine eigne synspunkt på saka
- Spør om tilhøvet er tatt opp med andre. Oppfordre til at mistanken ikkje vert tatt opp med andre før det er iverksett naudsynte tiltak

### Start gjerne med

Eg har lagt merke til at...

### Beskriv deretter det du ser:

- Du verkar trøtt/ sint/ lei deg...
- Eg ser at du har blåmerke på armen...
- Det verkar som du ofte har vondt i magen...

### Tips til samtala

**Generaliser;** mange barn som eg snakkar med som ikkje har det så greitt heime, kan få sånne plager. Det er kanskje ikkje slik for deg. Korleis er det å vere deg heime?

**Gjenta** det barnet seier

**Still opne spørsmål**; ikkje leiande spørsmål

**Bruk støtteord;** mmm, fortel, fortel meir om det

Bruk gjerne **gode/ vonde hemmelegheiter** som døme

**Spør gjerne fleire gonger;** eg er her i dag, kom gjerne innom dersom du vil snakke med meg

Forklar kva som skjer vidare og avtal nytt møte med barnet

Ved bruk av tolk, tydeleggjer at samtalen må bli oversett så ordrett som mogleg

Meir informasjon om samtale?
søk etter «verktøykasse BTI» på gloppen.kommune.no

## Avklar

Eit barn kan brått og uventa fortelje om hendingar heime, i til dømes samlingsstund, i friminutt m.m. Inviter då barnet til samtale same dag i rolege omgjevnader:

- Då du sa det.... Tidlegare i dag, kva meinte du då? Fortel
- Eg har tenkt sånn på det du sa tidlegare i dag om... fortel litt meir
- Eg har ikkje vore der, så fortel så godt du kan...
- Kva skjer vidare då?
- Nokon gonger når barn seier... så kan det vere fordi noko er vanskeleg eller rart. Er det slik for deg og?

Vis varsemd, og lat barnet fortelje så fritt som mogleg. Ikkje spør så detaljert, det er politiet eller barnehuset som ev. avhøyrer barnet og ynskjer å vere dei første som spør barnet om detaljane. Når barnet er ferdig med si forteljing, bekreft det barnet har sagt og tydeleggjer at det han/ ho har fortalt er viktig. **Ikkje lov barnet at du ikkje skal seie det til nokon**. Forklar at du må snakke med andre vaksne om det barnet har fortalt.

### Kva gjer du?

- Skriv ned det barnet har fortalt så ordrett som mogleg. Dokumentasjon er viktig. Noter tid og stad for hendinga. Ta vare på ev. teikningar. Skriv: Barnet fortel...mora seier...
- Drøft saka anonymt med barneverntenesta, krisesenteret, politiet eller overgrepsmottaket

Drøft med næraste leiar og til dømes helsesjukepleiar. Legg ein plan saman om kven som gjer kva i høve strakstiltak, bekymringsmelding og tilvising til hjelpeapparat.

Vald kan ha mange ansikt – den kan vere fysisk, psykisk, seksuell, eller handle om omsorgssvikt. Den kan og handle om frykt for ny vald eller for at ting blir øydelagt.
**Følg intuisjonen din!**

Vald og overgrep kan skje i alle familiar, uavhengig av sosial bakgrunn. **Prøv å sjå bak fasaden!**

**Husk:** Å vere vitne til vald har like alvorleg effekt på barn som å sjølv bli utsett for vald

Gloppen kommune

# Kva gjer eg ved mistanke om vald og seksuelle overgrep mot barn?

- for deg som jobbar med barn, er offentleg tilsett, venn, frivilleg osv

## Handle

### Akutt

Når du har grunn til å tru at eit barn vert utsett for vald eller overgrep eller kjem til å bli utsett for det, har du avvergeplikt.

- ved fysiske skadar
- ved symptom etter psykisk vald
- ved alvorlege truslar
- ved mistanke om seksuelle overgrep
- når barnet viser redsel for å gå heim
- når barnet vert henta av rusa foreldre
- ved mistanke om nært føreståande/ gjennomført kjønnslemlestelse eller tvangsekteskap

►► **Varsle politiet umiddelbart.**

►► **Varsle Barnevernet / barnevernvakta samtidig**

Ved synlege skadar, ta gjerne bilete. Vurder om barnet skal til lege for å sikre bevis.

Di plikt er sjølve varslinga. Politiet vil etterforske og sørge for avhøyr ved barnehus.

**NB! Ved mistanke om vald og overgrep mot barn, skal IKKJE føresette kontaktast, med unntak av dei tilfella der føresette ikkje er mistenkt.**

### Kva gjer du ved mistanke om at eit barn er vitne til vald eller vert utsett for vald eller seksuelle overgrep?

►► **Send bekymringsmelding til barnevernet på heimesida til kommunen**

Den skal innehalde: personalia, årsak til bekymring, beskriving av kva du har sett, høyrt, observert, og når. Oppgje kontaktperson og kva som allereie er gjort.

Meldinga skal sendast i samarbeid med leiar. Dersom leiar motset seg å signere, har du eit sjølvstendig ansvar for å sende meldinga med di underskrift.

Barnevernet gir meldaren tilbakemelding når melding er mottatt og undersøkinga er avslutta. Som venn eller nabo får du berre vite om meldinga er mottatt.

**Husk!** Du skal berre melde frå om di bekymring. Det er barnevernet som gjer undersøkingar og avgjer vidare tiltak.

►► **Anonyme drøftingar**

Er du usikker? Ring barnevernet for å drøfte saka anonymt.

### Kva gjer du når saka er avslutta, men valden held fram?

►► **Ny bekymringsmelding til barnevernet**

Meld forholdet på nytt til barnevernet, som i mellomtida kan ha fått fleire bekymringsmeldingar.

►► **Informasjon om hjelpetilbod til heimen**

Gje barn og føresette informasjon om vald i nære relasjonar og hjelpetilboda. Ein kan t.d. gjere informasjon tilgjengeleg og sende med brosjyrar heim eller dele ut på foreldremøte.

#### Avvergeplikt

Alle har personleg plikt til å anmelde eller på annan måte avverge og hindre straffbare forhold. Avvergeplikta (§196) inntrer ved straffbare forhold og er eit personleg ansvar, utan omsyn til teieplikt.

#### Meldeplikt

Du har ei sjølvstendig plikt til å melde frå til barnevernet ved mistanke om vald.

### Viktige telefonnummer—Akutt

| | |
|---|---|
| Politi | 02800 |
| | Er situasjonen akutt ring 112, eller send Nød-sms til 112 |
| Barnevern | 57 88 38 00 (dagtid, sentralbord) |
| Barnevernvakt | 47 97 62 06 (etter kl 16) |
| Samtaletelefon for barn og unge | 116 111 |

### Samtale, råd, rettleiing på dagtid

| | |
|---|---|
| Barnevern | 57 88 38 00 |

### Nasjonale nettressursar

Bufdir.no – Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet. Her finn du rettleiing om kva vald er, samtalerettleiing og kva du skal gjere ved mistanke om vald.

Dinutvei.no – Nasjonal vegvisar til hjelpetilbod, informasjon og kunnskap om vald i nære relasjonar, valdtekt og andre seksuelle overgrep.

Hvorlite.no – Politiet si informasjonsside om vald i nære relasjonar.

Snakkemedbarn.no - ressursnettside / snakkesimulator frå RVTS

Jegvet.no - Gratis læringsressurs for barnehage og skule om mobbing, vald, overgrep og barn sine rettar.